



Oslo, 21.11.2010

Naturvernforbundets politikk ved bergverkssøknader

Vedtatt på landsstyremøtet 21.11.2010

Bakgrunn

Bergindustri handlar om uttak av ikkje-fornybare ressursar til bruk i industri og anna verksemd, og historisk sett har denne industrien hatt store og negative følgjer for natur og miljø i mange land. I Noreg har vi mange erfaringar av typen "Gruven ga bygda liv, men drepte elven".

Noreg har eit stort uttak av stein og grus til innanlandsk bruk og for eksport, men det har vore eit relativt lite uttak av mineral og metall dei siste 20 åra. Vi har difor ein historisk sjanse til å lære av historia og setja ein ny og betre standard når det no er sterkt vaksande interesse for å starte ny drift på industrimineral og malmar. Noreg må setja krav som er minst på høgde med dei beste miljøkrava elles i verda.

I verda i dag har vi eit forbruk tilsvarande berekrafta til 1,5 jordklodar, og vi i vår del av verda ligg vesentleg høgare. Dette forbruket må vesentleg ned, og det gjeld ikkje minst uttaket av ikkje-fornybare ressursar gjennom bergverksdrift.

Internasjonalt har ein dei siste 10 åra hatt eit sterkt og veksande fokus på berekraftig bergverksdrift, og fleire land har sett nye standardar og krav på grunnlag av internasjonal forskning og fokus på biologisk mangfald. Dette gjeld spesielt for deponering av overskotsmasse på grunt og djupt vatn langs kysten, noko som i praksis har blitt forbode i fleire store gruveland som Australia, USA, Canada og Kina. Sterkt pressa av ein brei internasjonal opinion har ein internasjonal gruvegigant erklært stans i bruk av sjødeponi og FNs miljøprogram UNEP har teke initiativ til at Londonkonvensjonen mot forureining av havet skal bli utvida til også å omfatte utslepp av overskotsmasse frå gruver langs kysten.

I Noreg har fleire selskap søkt om konsesjon på utslepp til sjøen av store mengder overskotsmassar frå uttak av industrimineral og malm, og fleire søknader er undervegs. Nærings- og handelsdepartementet satsar på at bergverk skal bli ei vekstnæring, og har løyvd 100 millionar til leiting etter nye ressursar. Dette kan bli ein stor industri, med potensielt store inngrep i natur og miljø, med mindre det blir sett strenge standardkrav frå første stund. Vi ser det som alvorleg at Sydvaranger gruve AS allereie har fått konsesjon til deponering av 4,5 millionar tonn overskotsmassar og store mengder kjemikaliar i Bøkfjorden. Dette bør ikkje setja standarden for framtidige bergverk.

Nokre av krava som bør bli fremja ved behandling av konsesjonssøknader om bergverksdrift:

1. Generelt

a. All bergverksdrift må skje i samsvar med prinsippet om ei bærekraftig utvikling. Dei miljømessige konsekvensane må ha stor vekt ved godkjenning av bergverksdrift.

b. Noreg må stille miljøkrav og krav til god ressursutnytting som gjer oss til eit foregangsland på feltet.

2. God ressursutnytting

a. Det må bli stilt krav til god ressursutnytting / avfallsminimering, slik at det blir lite overskotsmasse frå drifta. Dette kan dreie seg om bruk til fyllmasse, ta ut fleire metall/ mineral, endra driftsform (for eksempel ikkje dagbrot) etc.

b. Der det er avrenning frå deponi / gruveopningar med behov for reinsing, skal ein alltid vurdere gjenvinning av aktuelle metall / mineral.

3. Dagbrot

a. Ettersom dagbrot som regel gir vesentleg meir overskotsmasse og større fysiske inngrep enn underjordsdrift, må det bli stilt krav om underjordsdrift der det er miljømessig best.

4. Deponi, tilbakefylling og opprydding

a. Sjødeponi av overskotsmassar frå bergverk er ikkje ein miljømessig akseptabel metode, og nye sjødeponi må ikkje godkjennast.

b. Bergverk som har godkjende sjødeponi må bli pålagt utgreiing av alternative tiltak (avfallsminimering, landdeponi og tilbakefylling) for å stanse deponering til sjø ved revisjon av konsesjonsvilkåra.

c. Drifta må bli planlagd med sikte på tilbakefylling av overskotsmasse og restaurering av området til god tilstand, gradvis i driftsperioden og fullstendig ved driftsperiodens slutt. Dette må gjelde uavhengig av deponiform.

d. Det må bli stilt sikker, varig og tilstrekkeleg garanti for finansiering av fullstendig restaurering av området/ sikring mot avrenning etter avslutta drift, før konsesjon blir gjeve. Dette gjeld ikkje berre innanfor driftsområdet, men også i omgjevnadene til anlegget.

5. Vassforskrifta

a. Vassforskriftas krav til vern mot forureining skal gjelde uavkorta for bergindustrien.

Våre andre krav til myndighetene kva gjelder bergverksdrift

Opprydding i gamle syndar

Det er 2000 nedlagde gruver i landet, og mange av dei representerer store forureiningsproblem. Et par av de nedlagte gruvene er blant Norges største punktkjelder for miljøgifter. Spesielt gjeld dette nedlagde sulfidmalmgruver.

A. Totalt kan det kosta fleire milliardar å rette rundt desse nedlagde gruvene, og det må bli sett opp ein plan for tiltak og stor, fast finansiering over statsbudsjettet i mange år framover.

B. Dei gamle veltane inneheld ofte store mengder verdfulle metall som ein må sjå på som ressurs i staden for som avfall. Ved vurdering av tiltak må ein alltid vurdere etablering av reinseanlegg som både kan stanse forureininga, og samtidig ta vare på ressursane.

Behov for utvikling

A. MD/ KLIF bør utvikle eit sett med handbøker /retningslinjer / forskrifter for berekraftig bergverksdrift slik det er gjort i fleire andre land. Dersom dagens teknologi ikkje er tilstrekkeleg til å sikre miljøet, eller om det blir hevda at miljøkrava gir for kostbar drift, så må ein vente inntil teknologien eller økonomien gjer utvinning aktuelt. Ressursane forsvinn ikkje.

B. Utvikle driftsformer og tiltak avfallsminimering og tilbakefylling som reduserer behov for deponi

C. Utvikle reinseanlegg som kan ta hand om alle typar avrenning, også driftskjemikaliar, og som er effektivt til å ta vare på verdfulle stoff som råstoff i ny produksjon.

D. Utvikle og ta i bruk driftskjemikaliar som ikkje er giftige

E. Noreg må stanse bruken av sjødeponi og bidra til arbeidet med å få på plass internasjonale avtalar som sikrar generelt forbod mot sjødeponi av overskotsmassar frå bergverk ("subwater tailings disposal" og "deep sea tailings disposal")